

HARDANGER OG VOSS MUSEUM

Strategisk plan 2023–2026

Vedtøken i styret 7.12.22

Hardanger folkemuseum

Agatunet

Ingebrigt Vik museum

Voss folkemuseum

Hardanger fartøyvernssenter

Kunsthøset Kabuso

Granvin bygdetun

Kvam bygdetun

Innhald

Faglege spydspissar	4
Innleiing	4
Forankring	4
Føremålet til HVM	4
Verdiar	5
Visjon og overordna mål	5
Samfunnsoppdrag	5
HVM sine rammevilkår i planperioden.....	6
Kulturpolitikk	6
Berekraftig utvikling og klimaendringar	6
Mål.....	7
Prioriterte tiltak.....	7
Forventningar frå eigarane.....	8
Forventningar frå kommunane	8
Forventningar frå fylkeskommunen	8
Forventningar frå staten.....	9
Strategisk valde tradisjonsfag, immateriell kulturarv	10
Bakgrunn	10
Mål.....	10
Tiltak.....	11
Kunnskapsproduksjon og forskning.....	11
Bakgrunn	11
Mål.....	11
Tiltak.....	12
Formidling.....	12
Bakgrunn	12
Mål.....	12
Tiltak.....	13
Arbeid med samlingar (dokumentasjon, ivaretaking, immateriell kulturarv).....	13
Gjenstandar, foto, arkiv.....	13
Kunst.....	13
Historiske bygningar, landskap og tun	13
Historiske fartøy	14
Immateriell kulturarv.....	14
Mål.....	14

Tiltak.....	15
Samhandling.....	15
Bakgrunn	15
Mål.....	17
Tiltak.....	17
Fartøyvern	17
Bakgrunn	17
Mål.....	17
Tiltak.....	18
Kunst.....	18
Bakgrunn	18
Mål.....	18
Tiltak.....	18
Marknad	19
Bakgrunn	19
Mål.....	19
Tiltak.....	19
Organisasjon og leing	20
Bakgrunn	20
Mål.....	21
Tiltak.....	21

Faglege spydspissar

HVM har aktivitet og ansvar på mange fagfelt, og skal vera synleg på desse. Det kan vera ei utfordring å vera synleg på alle felt som HVM har aktivitet på. For å bidra til klarare satsing peiker me ut følgjande tema der HVM skal vera ein «spydspiss»:

- **Immateriell kulturarv, med vekt på handverk, drakt, folkemusikk og –dans**
- **Kulturlandskap med vekt på fruktdyrking og moderne landbruk**
- **Kystkultur og maritim historie**
- **Formidlingsmetodar**

Innleiing

Forankring

Strategisk plan skal seie korleis vi trur at omgjevnadene våre ser ut dei komande åra, og korleis me skal innrette oss for å nå dei mål me set oss.

Kva oppgåver *må* me prioritere, kva *bør* me prioritere og kva *kan* me prioritere? HVM har eksterne styringsdokument som seier kva som vert venta av oss frå dei som gjev oss driftsmidlar. Vidare har me meir eller mindre uttala forventningar frå dei same instansane, hovudsakleg stat, fylke og kommune.

Løyvingane til museum og andre kulturverntiltak byggjer opp under dei nasjonale måla om å medverka til at alle kan få tilgang til kunst og kultur av ypparste kvalitet, å fremja kunstnarleg utvikling og fornying, å tilby møteplassar og byggja fellesskap, og å samla inn, ta vare på, dokumentera og formidla kulturarv (Tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet 2022).

Viktige dokument som ligg til grunn for denne planen:

- Meld. St. 23 (2020–2021). *Musea i samfunnet — Tillit, ting og tid*
- Meld. St. 16 (2019–2020). *Nye mål i kulturmiljøpolitikken — Engasjement, bærekraft og mangfold*
- Kulturrådet: *Museumsvurderingen 2020*
- *Åpent, inkluderende, transparent og profesjonelt. Etiske retningslinjer for museer i Norge.* Norsk ICOM og Norges Museumsforbund 2022.
- *Regional plan for kultur, idrett og frivillighet 2023-2035.* Vestland fylkeskommune. (Under arbeid, vert vedteken i 2023.)

Føremålet til HVM

Føremålet til HVM er formulert i §2 i vedtektene.

Stiftinga Hardanger og Voss museum skal ivareta museumsfunksjonar for dei institusjonane som har særskilde avtaler med stiftinga. Museet skal driva innsamling, bevaring, forskning og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid.

Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekk skal museet vera med å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsminne skal museet vera ein open møtestad der publikum kan studera, oppleve og finna utfordringar. Hardanger og Voss museum skal arbeida for ei samordning av arkiv, bibliotek- og museumstenestene i regionen.

Hardanger og Voss museum skal driva eit nasjonalt senter for fartøyvern. Hardanger og Voss museum har ansvar for drifta av kunsthuset Kabuso, som skal formidla musikk, kunst og kulturimpulsar på høgt kvalitativt nivå, der kunsten mellom anna kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda. Kabuso skal arbeida i spenningsfeltet mellom tradisjon og samtid, og arbeida i nært samarbeid med kunstmuseum, festivalar og andre kulturinstitusjonar regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Museet skal vera medlem i Norges Museumsforbund og fylgja ICOM sitt museumsetiske regelverk og ta del i regionalt, nasjonalt og internasjonalt museumsnettverk.

Museet skal yta fagleg hjelp i museums- og kulturminnevern-spørsmål til kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Verdiar

Truverdig	Formidling, forvaltning, rådgjeving, restaurering osv. er basert på kunnskap.
Raus	Me deler kunnskapen med kvarandre i organisasjonen og eksternt med omverda.
Engasjert	Me er engasjert i faga våre, i arbeidsplassen og i lokalsamfunnet. Me vil få til noko som betyr noko for oss sjølve og for andre. Me utfordrar etablerte sanningar og er nyskapande.

Visjon og overordna mål

Visjonen til Hardanger og Voss museum er: «Gode opplevingar å bryna seg på.»

Dei overordna måla for Hardanger og Voss museum i planperioden er:

1. HVM skal tena samfunnet gjennom god forvaltning, forskning og formidling.
2. HVM skal vere ei samla verksemd med klare faglege retningar innan dei prioriterte fagfelta.
3. HVM skal vere ein tydeleg samfunnsaktør, vera aktuell og relevant for lokale og tilreisande.

Samfunnsoppdrag

Musea sitt samfunnsoppdrag eller samfunnsrolle er formulert slik i tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet (2022):

Løyvingane til museum og andre kulturverntiltak byggjer opp under dei nasjonale måla om å medverka til at alle kan få tilgang til kunst og kultur av ypparste kvalitet, å fremja kunstnarleg utvikling og fornying, å tilby møteplassar og byggja fellesskap, og å samla inn, ta vare på, dokumentera og formidla kulturarv.

Musea skal utvikla og formidla kunnskap om den materielle og immaterielle historia til menneske og samfunn til ulike tider, i samspel med verda ikring.

ICOM (International Council of Museums) er ein organisasjon som m.a. har utarbeidd eit etisk regelverk for museum. Norsk ICOM og Norges museumsforbund har konkretisert og tilpassa regelverket til norske museum. Regelverket bidreg til å utfylle og konkretisere musea sin samfunnsrolle (<http://norskicom.no/wp-content/uploads/2015/08/Retningslinjer-2022.pdf>).

Oppsummert og formulert med eigne ord vert det slik:

HVM skal tilby opne og inkluderande kulturarenaer der alle kan få tilgang til kunst og kultur av ypparste kvalitet. HVM skal fremje kunstnarleg utvikling og fornying. HVM skal forvalte, dokumentere og formidle materiell og immateriell kulturarv. HVM skal utvikle og formidle kunnskap om den materielle og immaterielle historia til menneske og samfunn til ulike tider, i samspeil med verda ikring.

HVM sine rammevilkår i planperioden

Kulturpolitikk

HVM er som alle andre aktørar på kulturfeltet, underlagt den til ein kvar tid rådande kulturpolitikken. *Kulturpolitikk er eit resultat av nasjonal lovgiving, politikk og internasjonale konvensjonar. Kulturpolitikk er offentlege tiltak som har som føremål å påverke kva kulturuttrykk som vert produsert og formidla. Verkemidla er tilskot og lovreguleringar som skaper gode rammevilkår for institusjonar, kunstnarar og frivillig sektor. Ein nasjonal kulturpolitikk er resultatet av statleg, fylkeskommunal og kommunal kulturpolitikk.* (Kultur bygger samfunn - Aktør og fagplan. Regional plan kultur, idrett og frivilligheit 2023 – 2035 Vestland – Del 2)

Berekraftig utvikling og klimaendringar

FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Å ta stilling til FN sine mål for berekraftig utvikling, og handle i høve desse, inneber konsekvensar for HVM. Berekraftmåla har tre dimensjonar, miljø, sosialt og økonomisk.

Konsekvensane for HVM er m.a. desse:

- Klimaendringar har konsekvensar for vernearbeidet ved at det fører til større påkjenning på bygningar, fartøy og landskap.
- HVM må bruke sin posisjon som formidlingsinstitusjon til å dele kunnskap om berekraftig utvikling og bake inn berekraftmåla i alle sider ved verksemda.
- HVM må bidra til redusert utslepp av klimagassar. På kort sikt er det viktig med tiltak som bidreg til å bremse klimaendringar.

HVM er Miljøfyrtårnsertifisert innan to område. Me har derfor innsikt i kva område som me har eit CO₂-avtrykk og kor me kan setje inn tiltak for å redusere det. Den største delen av HVM sitt avtrykk gjeld bruk av energi. Med eit straumforbruk på om lag 1,5 mill. kWh per år er det eit potensiale for tiltak som kan redusere forbruket. Dette potensialet er størst i administrasjons- og samlingsbygga. Me har dessutan eit potensiale for å investere i produksjon av fornybar energi. Transport kan bli redusert m.a. gjennom auka bruk av videomøte. Samstundes erfarer me at fysiske møte er viktig. Målet er å bruke meir miljøvennleg transport, offentleg kommunikasjon osv. Når det gjeld avfall har HVM potensiale for å redusere mengd.

I FN sine mål om berekraftig utvikling er det ein del motsetnader. HVM er avhengig av inntekter frå tilreisande turistar. Reising bidreg til utslepp av klimagassar, og ut frå dette er det betre å rette tilboda sine mot ein lokal marknad framfor ein global marknad. Delmål 8.9 dreier seg om å utvikle berekraftig turistnæring som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt. I tråd med dette kan ein ha ein strategi om å bidra til at reiselivsnæringa i vår region arbeider for å halde turistane litt lenger her, at dei får tilbod om lokale produkt og at dei får oppleve og lære om lokal

kultur og historie. Dette vil bygge opp under berekraftig utvikling både økonomiske, sosialt og miljømessige. Musea som del av reiselivssektoren vil generelt bidra til å gjera reiselivet meir berekraftig.

- Ei sterk lokal forankring, tilrettelegging for universell tilgjenge og tilbud retta mot eit mangfald av brukarar vil generelt bygge opp under berekraftmåla.
- Formidling med berekrafttema er positivt. La berekraftmål vere synlege i kafé og butikk, gjennom store og små val som er ein del av kommunikasjonen vår med omverda
- Reduksjon av eigen energibruk, avfall, svinn og sløsing er naudsynt.

Berekraftig utvikling kan innebere ein dreining i politikk og praksis som kan vera gunstig for musea:

- Sosial berekraft: Gunstig å dreie forbruk frå «ting» til «kulturelle opplevingar»
- Museum som inkluderande møtestad
- Demokratibyggging. Musea som historieforteljarar, opne møtestader og utfordrande. Museum gir historisk djupn og grunnlag for identitet.
- Lokalproduksjon
- Ekspertise på vedlikehald og reparasjon
- Ekspertise på produksjon med biologiske material, t.d. tekstil, hamp og tre
- Har tilgang på ein del ressursar som gjer det mogleg med produksjon av slike material

Mål

1. Gjennom eigen drift, fagleg arbeid og formidling bidra til økonomisk, sosial og miljømessig berekraftig utvikling.

Prioriterte tiltak

1. ENØK-tiltak i bygg og anlegg, redusere energibruk og auke eigen produksjon av fornybar energi. Dette kan skje i første rekke i administrasjons- og samlingsbygg (Voss folkemuseum, Hardanger folkemuseum, Kulturnaustet ved Hardanger fartøyvernsenter), men òg i historiske bygg der det er høveleg.
2. Bruk av videomøte som et supplement til fysiske møte.
3. Fly er den reisemåten som representerer størst klimagassutslipp. Tog eller andre alternativ skal brukast når det er praktisk mogleg.
4. Samkøyring til fysiske møte.
5. På reiser regionalt, bruke offentleg kommunikasjon, t.d. buss eller tog framfor bil.
6. Ved varebestilling, ha transportkostnad og utslepp med i reknestykket.
7. Handle lokalt og kortreist.
8. Påverke leverandørane våre i ein miljøvenleg retning.
9. Redusere straumforbruket generelt
10. Oppmoda til miljøvenleg reise til og frå arbeidsstaden
11. Redusere avfall, matkasting og sløsing. Mest mogleg gjenbruk
12. Formidlingsopplegg om bærekraft utarbeidd i fellesskap som kan nyttast på alle avdelingane, evt. som eit opplegg for kvar avdeling men med felles profilering.
13. Bidra til å skape eit berekraftig reiseliv.

Forventningar frå eigarane

HVM er ei stifting og er dermed sjølvstende. Styret i HVM er det øvste organet til organisasjonen. Men eigarstrukturen i dei anlegga og samlingane som HVM forvaltar er mangfaldig. Både kommunar, fylkeskommunen, stiftingar og foreiningar er eigarar av anlegg og samlingar, i tillegg til HVM. Eigarane har samarbeidsavtaler med HVM som er styrande for drift av kvart museum eller formidlingsarena. Samarbeidsavtalene seier i hovudsak at HVM har det faglege, administrative og økonomiske ansvaret. Vidare pliktar HVM å oppretthalda eit driftsnivå ved museet/avdelinga som er minst på same nivå som ved avtalestart, under føresetnad av at rammevilkåra ikkje vert vesentleg endra.

I varierende grad ynskjer styra i dei opphavlege musea informasjon om drifta av HVM. Men generelt er fleire opptekne av drifta på «sin» stad og argumenterer jamleg for auka ressursar dit.

Forventningar frå kommunane

Kommunane er viktige økonomiske bidragsytarar til drifta av HVM, og er representert i rådet for HVM. Dei er òg representert i fleire av «eigarstyra».

Kommunane har eit visst ansvar for forvaltning av museum og kulturminnevern, men har i varierende grad kompetanse på dette feltet. I vedtektene til HVM står det følgjande: «Museet skal yta fagleg hjelp i museums- og kulturminnevern-spørsmål til kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.» HVM bidreg med fagleg rådgjeving, spesielt på feltet bygningsvern, men òg på andre område.

Ut over dette er det ikkje klart uttala forventningar frå kommunane, men musea og formidlingsarenaene utgjer i mange tilfelle viktige møteplassar for lokalsamfunna. Me ser at kommunane set pris på musea som ein god plass å ha med gjester, musea er noko å vera stolt av. Musea representerer historisk djupne og er kultur- og identitetsbyggande institusjonar som bidreg med historisk dimensjon til mykje av aktiviteten i samtida. Skular og barnehagar er flittige brukarar av musea og formidlingsarenaene.

At HVM har lærlingar er noko som kommunane set pris på.

HVM er open for å ta i mot personar som treng t.d. arbeidstrening. Gjennom NAV har HVM fleire hatt kortare eller lengre arbeidsforhold i HVM.

HVM sine tilbod til publikum er viktige i reiselivet, noko me erfarer at kommunane legg vekt på. At musea er opne og tilgjengelege er viktig i den samanheng.

HVM er ein aktør når det gjeld utvikling lokalt og regionalt og bidreg med høyringssvar til planar m.m. Vidare samarbeider HVM med ulike frivillige lag og organisasjonar.

Voss herad har ytra eit konkret ynskje om at Voss folkemuseum lagar eit formidlingsplan knytt til berekraftig utvikling og spesielt Voss herad sin klima-plan.

Forventningar frå fylkeskommunen

Vestland fylkeskommune bidreg med den største delen offentleg driftsstøtte til HVM. Det årlege tilskotsbrevet er ikkje så detaljert i høve forventningar, men referer til fylkeskommunen sine planar på kulturfeltet. Kvart år har fylkeskommune eit møte med alle musea i fylket, der det er dialog omkring oppgåver, økonomi etc. Gjennom desse møta får me ytterlegare informasjon om kva dei ventar av oss.

Vestland fylkeskommune ser HVM som er viktig aktør innan bygningsvern, både med bygningsvernkonsulent, kurs, som læringsarena m.m.

Samarbeid og samhandling med musea i Vestland er viktig. I skrivande stund er det saka om nytt fellesmagasin som er dominerande.

Politisk arbeid for å auke statleg driftsstøtte er naudsynt for HVM, og noko som fylkeskommunen ventar at me gjer.

Fylkeskommunen set pris på av me er utviklingsorienterte. Dei har vore viktige støttespelarar i mange utviklingsprosjekt. t.d. hardingfela.no.

Etter at fylkeskommune overtok forvaltning av fartøyvern vert Hardanger fartøyvernssenter endå viktigare som samarbeidspart for fylkeskommunen.

Fylkeskommunen er i mindre grad enn staten sektorisert, dvs. at dei ser HVM som ledd i regional utvikling, reiseliv og næring generelt – i tillegg til kjerneoppgåvene me har som museum.

I den komande kulturplanen til fylkeskommunen (*Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035*) er det eit mål at Vestland skal bli ein leiande kulturregion i Noreg. HVM forvaltar ei rekke felt som kan karakteriserast som nasjonale og dermed bidreg til kulturtilbod av høg nasjonal kvalitet.

Mål i *Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit i perioden 2023-2026* (ikkje vedteken i skrivande stund):

1. Vestland - ein leiande region: Vestland skal vere eit leiande kulturfylke.
2. Berekraft: Kulturen i Vestland skal vere pådrivar for sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.
3. Demokrati, deltaking og mangfald: Vestland skal vere eit ope, inkluderande og mangfaldig samfunn med låge barrierar for deltaking.
4. Verdiskaping: Kulturen skal vere fri og uavhengig, og utvikle Vestland med kreativ kraft.
5. Kunnskapsbygging og kunnskapsdeling: Kunnskap skal vere grunnlaget for ei systematisk og planmessig kulturutvikling.

Forventningar frå staten

Det er Kulturdepartementet (KUD) som forvaltar tilskotsordninga til museum og Klima- og miljødepartementet (KLD) som forvaltar tilskot til kulturminnevern (byggningsvern, fartøyvern). HVM har direkte driftstilskot frå KUD. Frå KLD har det kome løyvingar til prosjekt via Riksantikvaren. Men frå 2023 vil dette bli noko endra, slik at Riksantikvaren vil dele tilskotet i ein meir føreseieleg del til dei tre nasjonale fartøyvernssentra. Resterande del vert kalla prosjekttilskot og kan søkast på av andre aktørar i tillegg til fartøyvernssentra.

Medan fylkeskommunen kan sjå HVM som ein meir heilskapleg organisasjon som driv med både museum, kulturminnevern og tiltak som bygger opp under regional utvikling, har staten ein meir sektordelt struktur. Det betyr at kvar sektor er oppteken av å stille spesifikke krav i høve tilskotsmidlar.

Det største statlege driftstilskotet får HVM frå Kulturdepartementet. I 2022 hadde tilskotsbrevet denne teksten, i tillegg til formuleringane om samfunnsrolle som er referert over:

Legge til rette for vidare utvikling av HVM gjennom:

- *Solid kunnskapsproduksjon*
- *Relevant formidling*

- *Heilskapleg samlingsutvikling*
- *Trygg ivaretaking*
- *Aktiv samhandling*

Riksantikvaren sitt tilskot til fellestenester innan fartøyvern er betydeleg og viktig for HFS som nasjonalt fartøyvernssenter. Denne teksten omhandlar post 75 Fagutvikling i fartøyvernet og er henta frå Riksantikvaren sin nettside:

Forskning og utredningsarbeid har de siste årene blitt en mer sentral del av fagutviklingen i fartøyvernet, og dette skal gjenspeiles også i tildelingene fra tilskuddsposten.

Gjennom egne tilskudd til fagutviklingsprosjekter ønsker Riksantikvaren

- *Å skape solide fagmiljøer gjennom å stimulere til samarbeid mellom de nasjonale fartøyvernssentrene og andre aktører.*
- *Å sikre at fartøyvernssentrene kan fungere som lavterskel tilbud/nav for andre håndverkere gjennom for eksempel tilskudd til kompetanseheving for andre aktører.*
- *Å sikre flerårige utrednings og forskningsprosjekter, herunder utrednings og forskningsprosjekter som gjennomføres som samarbeidsprosjekter mellom fartøyvernssentrene og andre. Samarbeidsprosjekter vil bli særlig prioritert.*

Strategisk valde tradisjonsfag, immateriell kulturarv

Bakgrunn

HVM har tatt eit ekstra ansvar for å forvalte immateriell kulturarv, og for å bringe vidare fleire tradisjonsfag.

- Gjennom oppdrag, produksjon og lærlingverksemd forvaltar HVM smedfaget, reipslagarfaget og trebåtbyggjarfaget.
- Gjennom Hardingfela.no bidreg HVM til at folkemusikk og -dans i regionen vår lever vidare.
- Gjennom restaureringverksemd, kurs, opplæring og anna arbeid ved museet forvaltar HVM teknikkar og praksisar knytt til, restaureringshandverk (fartøyvern og bygningsvern), bruk av oppgangssaga Herand sag, skautfelling og tekstile teknikkar, samt segling, rigging og drift av hardangerjakta «Mathilde».
- Gjennom aktiv samhandling med frivillige bidreg HVM til at viktig immateriell kulturarv i vår region vert halden levande.

Det er nokre fag som treng ekstra merksemd i planperioden:

- Skautfelling: Etablere faget ved Hardanger folkemuseum
- Reipslaging: Er i ein sårbar situasjon i høve kompetanse og rekruttering.
- «Mathilde»: Formulere mål med vern og drift, legge opp forvaltning etter det. Er sårbar med tanke på kompetanse og rekruttering.
- Bygningsvern: Bli ein endå tydelegare aktør i Vestland, kompetanseutveksling mellom avdelingane.
-

Mål

Forvalte våre tradisjonsfag på ein forsvarleg måte ved å utvikle ein god modell for overføring og forvaltning av tradisjonsfag og immateriell kulturarv.

Modellen skal vere godt kjend internt og eksternt.

Tiltak

1. Utvikle modellen vår for forvaltning av tradisjonsfag og immateriell kulturarv.
2. Etablere skautfelling ved Hardanger folkemuseum
3. Gjera dei små faga mindre sårbare ved å ha to fagpersonar og lærling.
4. Utvikle eit robust driftsopplegg for SJ «Mathilde» som bygger opp under strategiar om å vidareføre kunnskap om segling, rekruttering og kunnskapsutvikling.
5. Gjera HVM til ein tydelegare aktør innan bygningsvern i Vestland. Auka kompetanseutveksling mellom avdelingane. Eit årleg bygningsvernseminar som bidreg til å samle fagpersonar frå regionen.

Kunnskapsproduksjon og forskning

Bakgrunn

Forskning og kunnskapsproduksjon ved musea har vore eit tema over mange år. Før Museumsmeldinga kom i 2021 var det utgreiingar og debatt om kor vidt alle, eller berre nokre få, museum skulle drive med forskning. Konklusjonen i Museumsmeldinga var klar, alle museum skal det.

Musea skal utvikla og formidla kunnskap om den materielle og immaterielle historia til menneske og samfunn til ulike tider, i samspel med verda ikring. Forsking og anna kunnskapsutvikling er sentralt i dette arbeidet. Dept. legg til grunn at institusjonen har kompetanse som kan stetta dette.

(Tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet 2022)

Også det internasjonale etiske regelverket me er underlagt seier dette: *Forsknings- og utviklingsarbeid er grunnleggende for alle arbeidsområder i museene. Forskning i museer følger samme standarder som andre forskningsinstitusjoner, og skal utføres i samsvar med etablert vitenskapelig, etisk og juridisk praksis (ICOM 2022).*

HVM har ikkje hatt tilfredsstillande aktivitet på forskingsfeltet, jf. Museumsvurderinga for 2020: *«Hardanger og Voss museum vurderes som tilfredsstillende på alle museumsfaglige områder i 2020 med unntak av forskning, hvor blant annet lav formalisert forskningskompetanse og mangelfull måloppnåelse bidrar til å trekke ned (...) Museets rapportering på forskning er tett knyttet til museets arbeid med formidling, dokumentasjon og forvaltning. Kulturrådet er i utgangspunktet positive til slike tverrfaglige koblinger, men savner likevel et tydeligere fokus på selve forskningsarbeidet. Som eksempel beskrivelser av hvordan arbeidet med hardingfela.no kan bidra til mer forskning og kunnskapsutvikling. En nærmere beskrivelse av hvordan museet jobber med prioritering av forskning på organisasjonsnivå kunne også ha styrket målrapporteringen.»*

Mål

1. HVM er ein solid, truverdig og engasjert kunnskapsinstitusjon.
2. HVM er ein attraktiv arbeidsplass for fagleg engasjerte medarbeidarar.
3. HVM sin kunnskapsproduksjon skal kome organisasjonen til gode.
4. HVM skal vera ein synleg forskingsaktør mellom musea.
5. HVM driv kunnskapsproduksjon på eigen forvaltning og formidling.
6. Eigne tilsette skal auke sin reelle og formelle fagkompetanse, t.d. fleire med konservatorgodkjenning.

Tiltak

1. Forskningsplanen skal reviderast årleg og bli brukt aktivt til å synleggjere HVM sine kunnskapsbehov.
2. Etablere fast stilling som forskingskoordinator
3. Fire forskingssamlingar internt i HVM pr. år.
4. Fagfellevurderte artiklar skal bli publisert kvart år. Lage ein opptrappingsplan for dette.
5. Samle artiklar skrivne av tilsette i HVM i eit årleg hefte.
6. Gjera avtaler med enkelte om forskingsplan for å oppnå auka formalkompetanse (konservator-godkjenning).
7. Halde forskingsrelaterte foredrag eksternt eller på tvers av avdelingane kvart år.
8. Halde forskingsrelaterte foredrag eksternt eller på tvers av avdelingane kvart år.
9. Få ein stipendiatstilling til HVM i samarbeid med UiB
10. Gjennomføre bokprosjekt på tvers av avdelingane.

Formidling

Bakgrunn

Formidlingsarbeidet gjer fagkunnskapen og samlingane me forvaltar tilgjengelege for ei rekkje ulike målgrupper, både fysisk og digitalt. Formidlinga vert tilpassa målgruppa og formatet den vert presentert i, og vert gjort relevant for den ein formidlar til. Målet er å gje brukarane heilskaplege opplevingar, frå dei tek kontakt til dei går. Dei skal oppleve tilboda våre som velorganiserte, relevante, interessante og lærerike. «Formidlingskjeda» består av ei rekke ledd, frå utvikling av tilbod, kunnskapsinnsamling/-produksjon, innhenting av kunnskap om brukarane og ikkje-brukarane, vera i dialog med brukarane, produksjon av formidlingsopplegg, gjera tilbod kjent, avtale/booke/selje tilbod, gjennomføre og evaluere tilbod. Sjølv om ein ikkje kan vente at ein kan nå alle, skal ein jobbe for å nå nye målgrupper og tilboda skal vera tilgjengelege for alle.

Formidling, forskning og forvaltning skal vera godt integrerte i kvarandre, og til berekraftmåla.

Kulturrådet sin vurdering i 2020 seier m.a. dette om formidling: «Av museets tolv arenaer er fem tilrettelagt for personer med nedsatt funksjonsevne og fire har tilrettelagt formidling. Museet melder at de er i prosess med å gjøre museet mer universelt tilgjengelig. Kulturrådet minner om at offentlige og private virksomheter rettet mot allmennheten skal være universelt utformet, jf. lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne. Kulturrådet vil berømme museets arbeid med aktiv formidling av immateriell kulturarv og bruken av digital formidling. Ut fra tilgjengelig informasjon i statistikk og budsjettsøknad vurderer Kulturrådet museets formidlingsarbeid som tilfredsstillende.»

Mål

1. HVM skal kjenne publikum og brukarane sine godt.
2. HVM sin formidling skal vera basert på overordna faglege strategiar og solid kunnskapsproduksjon.
3. Formidlarane i første linje (ofte sesongtilsette omvisarar) skal stå fram som trygge og kunnskapsrike.
4. Formidlinga skal nå så mange grupper som mogleg. Med dette meiner me å nå eit breitt utval av befolkinga.
5. Formidlinga skal knytast til måla om berekraftig utvikling.
6. Basisutstillingar manglar heilt eller delvis ved Hardanger folkemuseum, Hardanger fartøyvernssenter og Agatunet. Målet er at desse skal ha basisutstillingar ved utløpet av planperioden.

7. Fleire av formidlingstilboda skal vera universelt utforma.

Tiltak

1. Oppgradere medlemskapen vår i Norsk Publikumsutvikling og gjennomføre brukarundersøkingar.
2. Evaluere samansetjing av formidlingsgruppa, og invitere formidlargruppa til fagdagar for forskning.
3. Auke innsatsen på opplæring og oppfølging av sesongtilsette omvisarar.
4. Arbeide med å gjera formidlingstilboda meir universelt utforma og tilgjengelege.
5. Innarbeide berekraftmål i formidlingsarbeidet gjennom interne seminar og drøftingar i ressursgruppa.
6. Revidere formidlingsplanen.

Arbeid med samlingar (dokumentasjon, ivaretaking, immateriell kulturarv)

Gjenstandar, foto, arkiv

HVM forvaltar ein gjenstandssamling på 52 000 gjenstandar og 95 000 fotografi. Fulle magasin, både egne og leigde, fører til at HVM fører ein restriktiv innsamlingspolitikk. Generelt er gjenstandar i magasin tekne godt vare på. I leigde lokale og i tun (som inventar i historiske bygningar) er dei ikkje så godt sikra med tanke på tjuveri og klima. HVM har nokre gjenstandar i fellesmagasinet til Bevaringstjenesten ved Museumssenteret i Hordaland. Fellesmagasinet er så godt som fullt. Prosessen med å bygge eit nytt fellesmagasin har gått over fleire år, men det ser no ut til å bli meir konkret.

Rydding i eitt magasin på HFU i 2021 vart gjort med svært godt resultat. Dette skjedde i samarbeid med Bevaringstjenesten og ein nytta ReOrg-metoden.

Dokumentasjon, registrering og digitalisering av samlingane er viktig både for å kunne bruke samlingane aktivt til forskning og formidling, men òg for å kunne drive aktiv forvaltning.

Digitalt materiale: HVM forvaltar fotosamlingane etter *Anders Wallevik* og *Herheim foto*, i alt minst 95 000 foto. HVM har ikkje dokumentert og publisert samlingane tilstrekkeleg, jf. tabellen.

Kunst

Kunstsamlinga utgjer hovudsakleg verk av bilethoggaren Ingebrigt Vik, men òg andre lokale kunstnarar frå Voss og Hardanger.

Verket *Hardanger Skyspace* av James Turell er lokalisert i tilknytning til Kabuso.

Ingebrigt Vik museum er i seg sjølv ein historisk bygning med høg arkitektonisk kvalitet, teikna av Torgeir Alvsaker i 1934. Ettersom det huser kunstsamlinga etter Ingebrigt Vik vert det i statistikken rekna som eit samlingsbygg og ikkje ein del av bygningssamlinga.

Historiske bygningar, landskap og tun

Av dei 133 historiske bygga som HVM forvaltar står over halvparten av dei på opphavleg stad. 47 av bygningane er freda (Mølstertunet 17, Agatunet 28, Vikøy prestegard 1). Fire bygningar er lagra (ikkje sett opp). Eigarskap til dei 133 bygningane spenner over eit vidt spekter. Ved dei tre opphavlege tuna

knytt til Voss folkemuseum, det opphavlege tunet Agatunet og museumstunet ved Hardanger folkemuseum er det tilsett handverkarar som arbeider med vedlikehald og istandsetjing.

Ved Hardanger folkemuseum ligg det føre reguleringsplan vedteken i 2006, her er det opning for å ta inn hus som er så verdfulle at dei ikkje må gå tapt for ålmenta. Generelt bør vurdering av representativitet og i kva grad ein skal ta inn nye bygg til HVM utførast i planperioden.

HVM forvaltar levande samlingar i form av gamle sortar av frukttre.

Dei to teknisk-industrielle anlegga Oppgangssaga i Herand og Skifabrikken på Utne vert òg forvalta av HVM. I tillegg kjem Solheims møbelverkstad og møbelverkstaden på Storeteigen, begge teknisk-industrielle anlegg i Kvam men vert i statistikken ikkje rekna som «samling» ettersom dei har driftsfunksjonar.

Historiske fartøy

HVM forvaltar fire større fartøy. Ferja MF «Folgefonn I» er freda og representerer eit svært omfattande restaureringsarbeid. «Mathilde» er i drift, men er sårbar i høve mannskap og rekruttering. «Faun» har eit venelag som brukar båten i sommarhalvåret, og har eit aktivt venelag som utfører mykje godt arbeid på båten. «Vikingen» har ikkje noko drift, heller ikkje venelag. Det manglar tydeleg målformulering for vern av eigne fartøy

Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv er integrert i drifta av HVM gjennom utøving av handverk, hardingfela.no, kurs, restaurering m.m. Prinsipp for forvaltning er likevel ikkje utarbeidd og nedfelt i samlingsplanen, så det er trong for å gjennomføre eit arbeid knytt til dette.

Mål

1. Samarbeidsavtaler og vedtekter skal gjera HVM i stand til å drive aktiv samlingsutvikling.
2. Gjennomføre rydding i ytterlegare to magasin ved hjelp av ReOrg-metoden.
3. 80 % av samlingane, unnateke foto, skal vera dokumentert i løpet av planperioden. Gjenstandar skal vera dokumentert og publisert
4. 35 % av fotosamlinga skal vera dokumentert.
5. Minimum to tilsette ved HVM bør ha god kompetanse på Primus.
6. Oversikt over privatarkivmaterialet ved HVM og arkivløyising.
7. Ha god kontroll på oppbevaring av gjenstandar. Ha kartlagt magasin- og lagerbehov.
8. Plan for forvaltning av historiske bygningar og fartøy med vedlikehaldsprioriteringar og vurderingar av bruk og verdi, også med tanke på eventuell avhending.
9. Fagleg innhald tilgjengeleg på nettsidene.
10. Eigne fartøy skal ha ein god forvaltning gjennom ulike driftsformer.

Samlinger	
Kulturhistoriske bygninger	133
- tilvekst siste år	-
- tilfredsstillende registrert	104
Kunsthistoriske gjenstander	2 624
- tilvekst siste år	2
- tilfredsstillende registrert	352
- digitalisert	160
- publisert	10
Kulturhistoriske gjenstander	47 480
- tilvekst siste år	205
- tilfredsstillende registrert	34 982
- digitalisert	17 554
- publisert	3 235
Fotografier	94.604
- tilvekst siste år	-
- tilfredsstillende registrert	25 001
- digitalisert	24 713
- publisert	21 300
Andre samlinger	
Arceologiske gjenstander	1
Naturhistoriske gjenstander	2 075
Teknisk-industrielle anlegg	2
Kulturlandskap (dekar)	-
Hageanlegg (dekar)	36
Levende samlinger (ja/nei)	Ja
Oppbevaringsforhold	
<i>Gjenstander (alle typer)</i>	
- svært gode	3 %
- tilfredsstillende forhold	75 %
- ikke tilfredsstillende forhold	15 %
- dårlige forhold	5 %
<i>Fotografier</i>	
- svært gode	0 %
- tilfredsstillende forhold	100 %
- ikke tilfredsstillende forhold	0 %
- dårlige forhold	0 %

11. Det er eit mål å oppretthalde aktivitet på samtidsdokumentasjon, då særleg knytt til prioriterte faglege tema.

Tiltak

1. Prioritere ressursar til dokumentasjon av samlingar. I skrivande stund er behovet størst ved Voss folkemuseum. Arrangere internt seminar/dugnad.
2. Utarbeide ein oversikt over magasin- og lagerkapasitet og –behov.
3. Gå gjennom samarbeidsavtalar og reforhandle med tanke på samlingsutvikling.
4. Fleire lisensar i Primus.
5. Utarbeide ein oversikt over privatarkivmaterialet ved HVM og vurderer arkivløyving
6. Samlingsplan reviderast slik at det går fram kva me ynskjer å supplere samlingane med (innsamlingsplan).
7. Ressursgruppa for samlingsforvaltning tek opp tema frå inntakskomitear.
8. Gjenstandar som er samla inn for fartøyvernformål vert innlemma i samlingane på lik linje med andre gjenstandar.
9. Forvaltingsplan for historiske bygningar og fartøy med vedlikehaldsprioriteringar og vurderingar av bruk og verdi, også med tanke på eventuell avhending.
10. Utvikle modellen vår for forvaltning og ivaretaking av immateriell kulturarv.
11. I samlingsplanen bør me vera tydelegare på kva me samlar på, og kva me vil avhenda.

Samhandling

Bakgrunn

Musea er ein del av den kulturelle infrastrukturen for eit sunt og levande demokrati. Dei er kunnskapsinstitusjonar og inngår saman med andre kultur- og utdanningsinstitusjonar i danning- og opplæringsprosessar for stadig nye generasjonar. Samstundes er dei sosiale møteplassar og stader for opplevingar og nye oppdagingar. (...) Samarbeid utover eigen institusjon har lenge vore ein viktig del av musea si arbeidsform. I alt frå innsamling, drift, arrangement, undervisning, vedlikehald og utstillingsarbeid, har musea drege veksling på andre museum, frivillige, gjevarar, lokalsamfunn, skuleverk og mange andre. Dei seinare åra har me sett at forståinga av korleis eit museum samhandlar med verda rundt, har teke opp i seg ei meir aktiv rolle når det gjeld å ta opp utfordrande spørsmål, ta stilling og setja lys på dagsaktuelle problemstillingar. (...) Kulturdepartementet meiner at musea framover må vera særleg opptekne av si eiga rolle som ein samhandlande aktør med samanbindingskraft på tvers av fagfelt, institusjonar, brukargrupper og interessentar. (Meld. St. 23 2020–2021 Musea i samfunnet s. 95).

Samarbeid og samhandling har vore meir ein arbeidsform og ein måte å nå mål på; ikkje eit mål i seg sjølv. I sitatet over kjem det fram at dette er ein svært viktig del av verksemda vår. I strategisk plan peiker me særleg på samhandling med desse felta:

- Andre museum
- Kulturmiljøvern
- Faglege nettverk (museumsnettverk), universitet og andre faglege miljø.
- Frivillige og lokalsamfunnet generelt
- Reiseliv og næringsliv elles
- Arkiv

HVM har i utgangspunktet samarbeid og samhandling med mange. Men me ser behovet for å utvikle frivilligstrategien. Ein ser eit generasjonsskifte der det vert ei endring i korleis dei frivillige prioriterer tida og ressursane sine. Grad av forplikting vert lågare, medan engasjementet for ein avgrensa innsats kan vera stor. Det kan vera større vilje til å stille opp på eit arrangement ei helg enn å sitje i eit styre.

Her er eit (ikkje komplett) oversyn over arenaer for samhandling der HVM spelar ei viktig rolle:

Museum

- Andre museum i fylket om m.a. samlingsforvalting
- Forskingsinfrastruktur i Vestland
- Seminar, t.d. «Nordisk gaffelriggseminar»
- Diktardagen, i lag med Haugesenteret / Nynorsk kultursentrum
- Nordisk kunstnarsenter i Dale

Utdanning

- Leiskule på «Mathilde» i samarbeid med Kvam herad
- Ole Bull Akademiet (hardingfela.no)
- Fagskolen i Vestland (læringsarena for bygningsvernstudentar)
- NTNU (læringsarena for bygningsvernstudentar)

Frivillig sektor

- Venelag, museumslag
- Hardanger trebåtfestival
- NFF og Forbundet KYSTEN
- Husflidslag
- Bygdekvinnelag
- Bygdapride
- Grannehjelpa frivilligsentral

Skule og barnehage

- Den kulturelle skulesekken
- Kulturskulen
- Barnehage
- Vidaregåande skule

Det profesjonelle kunst- og musikkfeltet:

- Konsertscener
- Kunstnarar om prosjekt knytt til Kunsthuset Kabuso
- Musikkfestivalen Hardingtonar
- Borealis musikkfestival
- Vossajazz (jazzfestival)
- Osafestivalen (folkemusikkfestival)

Mål

1. Sterk lokal tilknytning og forankring på dei stadene HVM har sine formidlingsarenaer
2. Godt samarbeid med frivillige, auke kvaliteten på dette
3. Aktiv samhandling med dei profesjonelle fagfelte våre

Tiltak

1. Utvikle frivilligstrategi, tilsette frivilligkoordinator i fast stilling

Fartøyvern

Bakgrunn

Politikken på kulturmiljøfeltet er i endring i tråd med stortingsmelding nr 16 vedteken i 2020, «Kulturmiljømeldinga». Endringane er stort sett positive for HVM ettersom fokuset er utvida frå «det fysiske objektet» til òg å omfatte dei som engasjerer seg i det fysiske kulturminnet. Immateriell kulturarv vert forvalta av Kulturdepartementet, men i den nye stortingsmeldinga vert det lagt opp til å sjå den materielle og den immaterielle kulturarven meir i samanheng.

Fartøyvernforvaltinga vart frå 2021 overført frå Riksantikvaren til regional forvalting (fylkeskommunane). Dette har vore ein stor overgang for HFS, m.a. fordi ein skal samarbeide med ein rekke fylkeskommuner som har noko ulik innfallsvinkel til vernefeltet. Erfaringa så langt er at det er meir krevjande for ein fylkeskommune å prioritere store og komplekse prosjekt, ettersom den kronesummen kvar fylkeskommune har til disposisjon ikkje er så stor. HFS har store og komplekse prosjekt som sitt spesialfelt, dermed er dette ein strategisk ny situasjon.

Innan fellestenester har det vore store endringar dei seinare åra. Fram til 2020 var dette ein post på statsbudsjettet som berre kunne gå til dei tre nasjonale fartøyvernssentra. No er posten open for alle å søke på. Men frå 2023 skal fartøyvernssentra få ein føreseieleg del kalla «kjerneoppgåver». Her ligg følgjande hovedoppgåver: Dokumentasjon, rådgjeving, delelager og nødhamn. Den andre delen av tilskotsposten vert kalla «prosjekttilskot». Her kan både dei nasjonale fartøyvernssentra og andre aktørar søke. På begge postane vert det lagt opp til at det er positivt med samarbeid og samhandling.

Dei to avdelingane på HFS burde vore tettare vevd saman. Dette vil kunne styrke både kunnskapsutvikling og formidling. Handverkskompetansen og konsulentane kan i større grad bli nytta på eigne fartøy. M/Y «Faun» og M/K «Vikingen» har ein tendens til å falle mellom to stoler.

Som nasjonalt fartøyvernssenter skal HFS utvikle teoretisk og praktisk kunnskap som er naudsynt for å ta vare på, forvalte, tolke, forstå og restaurere historiske fartøy. HFS er viktig samarbeidspartnar med kulturmiljøforvalting, med fartøyeigarar, verft og båtbyggeri og andre aktørar på fartøyvernfeltet. HFS skal i lag med dei andre nasjonale fartøyvernssentra utgjere nav for kunnskap gjennom oppdrag, samarbeid og kunnskapsformidling.

Det er utarbeidd eigen verksemdstrategi for HFS.

Mål

1. Hardanger fartøyvernssenter (HFS) skal vera ein nasjonalt leiande institusjon og premissleverandør på fartøyvernfeltet, utvikle kunnskap og levere tenester som er etterspurde, relevante og av høg kvalitet.

2. Gode prosjekt og høg aktivitet knytt til fagutvikling i fartøyvernet, som ein ettertrakta samarbeidspartner.
3. Aktørar i fartøyvernet ønskjer at HFS skal bidra på kurs og seminar.
4. Lite reklamasjonar på handverkstenester.
5. Oppretthalde våre handverksfag og kompetanse knytt til dokumentasjon og rådgjeving.
6. HFS har eit høgt fagleg nivå på dokumentasjonsarbeid og bidreg til å utvikle fagfeltet.
7. HFS er ein truverdig kunnskapsformidlar på alle plan, både når det gjeld rådgjeving, kurs, intern opplæring, film, fagartiklar m.m. Brukarane våre skal oppleve at det er låg terskel for å ta kontakt og bruke oss.
8. HFS skal ha trygg opplagsplass tilgjengeleg for nødhamn, med forsvarleg tilsyn og rutinar.
9. HFS skal ha kapasitet og fasilitetar til å kunne ta imot, lagre og distribuere deler og utstyr som er i tråd med føremålet med «delelagertenesta».

Tiltak

1. Vere aktiv i å skaffe oppdrag, både for handverkarar og konsulentar.
2. Halde oppe kapasitet og kompetanse gjennom aktiv rekruttering og intern opplæring, og gode samarbeidsprosjekt med dei andre fartøyvernsentra og miljøet elles.
3. Prioritere høgt å vere tilgjengeleg og stille opp når vi får eksterne førespurnader.
4. Gjennomføre utviklinga av HFS sitt anlegg med fasilitetar for besøkande, lager, samla kontor m.m. («Tett På»).

Kunst

Bakgrunn

HVM sin aktivitet på kunst-feltet skjer ved Kunsthuset Kabuso og Ingebrigt Vik museum, Skredhaugen, Agatunet og HFU. Kabuso viser 4-5 utstillingar i året, dei fleste er utvikla for Kabuso som bestillingsverk av samtidskunstnarar. Kabuso og Hardanger folkemuseum har begge konsertscener.

Mål

1. Ein engasjert og tydeleg aktør som er godt forankra i regionen.
2. Vera tilgjengeleg for alle, uavhengig av bakgrunn og økonomi.
3. Utvikle og spisse fagkompetanse.
4. Forske og publisere fagrelatert materiale.
5. Samarbeide med andre aktørar i kunst- og musikkfeltet.
6. Forskingskompetanse hos dei tilsette ved Kabuso.
7. Aktualisere Ingebrigt Vik sin kunstnarsskap

Tiltak

1. Balansere utåtretta aktivitet opp mot langsiktig kunnskapsarbeid. Sette av tid til fordjuping.
2. Gjennomføre publikumsundersøkingar. Lansere tilpassa rabattordningar.
3. Sørge for fagleg oppdatering gjennom kurs og studiereiser.
4. Stadig utvikle og forbetre nettsider med fagleg innhald.
5. Vedlikehalde og forbetre fasilitetar og utstyr.

6. Nytt verkstad og tilsvarande aktivitet til å kople saman folk på tvers av alder og bakgrunn.
7. Delta aktivt i relevante nettverk.

Marknad

Bakgrunn

HVM har ei rekke produkt. Kafé, museumsbutikk, omvisingar, museumsbesøk, kunstutstillingar, kurs, utleige av lokale, konsertar. Produkta skal vera eit uttrykk for HVM sin eigenart, for våre strategiar m.a. når det gjeld berekraft og lokal forankring. Endringar i marknaden som følgje av reisevaner, økonomisk situasjon osv. gjer at me må stadig utvikle produkta våre. For raskt å kunne agere på endringane i marknaden og publikumsutviklinga, er det viktig å ha kunnskap om kven som kjem til HVM og nyttar seg av dei produkta og tenestene me tilbyr. Slik kan me bli meir målretta i vår kommunikasjon og marknadsføring.

God lokal forankring er viktig både for å ha ein lokal marknad, men òg fordi det er grunnlag for politisk støtte lokalt og regionalt. Born og unge er ei satsingsgruppe for alle kulturinstitusjonar, men me må likevel ha tilbod til brukarar i alle aldrar. Som museum skal me legge til rette for å vera ein møteplass for ulike grupper og bidra til å bygge fellesskap. Grupper som brukar museum lite er det òg viktig å prøve å nå. Ungdom og ikkje-etnisk norske er døme på grupper som i liten grad nyttar seg av kultur- og kunstinstitusjonar.

Lokalt og regionalt næringsliv og reiseliv ser HVM og dei ulike avdelingane som aktuelle samarbeidspartnarar. Dette kan utviklast vidare, særleg med tanke på å få gjestane til å bli lenger i regionen og utvikle heilårstilbod.

Me må ha kontinuerleg fokus på eigeninntening og korleis me kan auke ho. Dette gjeld både prissetjing, meirsal, sortiment, marknadsføring osv. Prissetjing og opningstider må vere gjennomtenkte og målretta.

Infrastruktur er ei utfordring på enkelte stader. Ferjeruter, smale vegar, parkering er døme på avgrensande faktorar. Dette er i mange tilfelle forhold som HVM ikkje så enkelt kan gjera noko med, men prøve å utnytte så godt vi kan til vår fordel når det er mogleg.

Mål

1. God lokal forankring i kommunane der HVM er representert.
2. Lage gode pakker med utgangspunkt i dei tilboda me alt har.
3. Digitalt bookingsystem tilpassa individuelt besøkande (vurdere kva system som er aktuelt for HVM).
4. 70 000 besøkande innan 2026.
5. Bruken av nettsidene til HVM har 5 % auke pr. år
6. Auka inntening knytt til publikumsaktivitetar

Tiltak

1. Opprette intern ressursgruppe for marknadsføring.
2. Framlegg til to pakker frå kvar avdeling.
3. Oppdatere sals- og marknadsføringsplanen
4. Teste ut system for å registrere kven som er dei betalande brukarane våre.

Organisasjon og leiing

Bakgrunn

HVM er bygd opp omkring dei opphavlege musea som vart konsolidert, i tillegg til ein felles stab. Fagressursane er i dag fordelt slik at kvar avdeling har i prinsippet alle museumsfunksjonar, og kvar avdeling jobbar tverrfagleg med alt frå forvaltning til marknadsføring, forskning og formidling. Staben har økonomi, personal, marknadsføring og web-redaktør.

HVM har ikkje felles fagstillingar i stab. I 2022-2024 har ein rett nok ein prosjektstilling som forskingskoordinator som ikkje er knytt til ein enkelt avdeling. Leiargruppa er sett saman av avdelingsleiarane og direktør. Fagleg samarbeid på tvers av avdelingane skjer i leiargruppa, men ikkje minst i dei faglege ressursgruppene. Ein ser føre seg at ressursgruppene blir revitalisert i planperioden, og at leiarane har klare ansvarsområde inn i ressursgruppene. På det viset blir leiarane meir forplikta til måla i strategisk plan, og ressursgruppene får meir gjennomføringskraft.

Når ein fokuserer på dei faglege tema som det er gjort her i strategisk plan, kan ein kome til å få mindre merksemd mot HVM sine formidlingsarenaer. Men det er formidlingsarenaene som er dei viktigaste møteplassane, der HVM møter brukarane og publikum. Strategien til HVM er å halde fram med å la arenaene vera i sentrale, men bruke dei ressursane me har betre for å løfte oss på faglege tema.

HVM er ein ganske stor arbeidsplass i regionen som sysselset mange ulike fagpersonar. HVM har eit vidt spekter av fag, der mykje av arbeidet er tverrfagleg. Engasjement for faget sitt, for kollegiet og for arbeidsplassen sin er avgjerande for å skape ein god organisasjon som kan skape gode resultat med høg kvalitet og truverdigheit. Arbeidsmiljøkartlegginga i 2021-22 viste at dei fleste trivst i HVM. HVM sine tilskot og eigeninntening er langt på veg basert på tillit hos besøkande, i kommunane, i fylkeskommune og statleg forvaltning. Denne tilliten er det viktig å forvalte på ein god måte.

I skrivande stund er det ti nasjonalitetar representert i kollegiet ved HVM. HVM har som mål å vera opne for å ha ein internasjonal stab og arbeide aktivt med integrering.

HVM har som mål å vera ein inkluderande arbeidsplass og inkluderande i høve at alle besøkande skal kjenne seg velkomne.

Rekruttering er eit viktig arbeid som må prioriterast.

- Bruke folk på riktig måte.
- Ha meir spissa kompetanse på enkelte arbeidsoppgåver
- God gjennomgang av kva me treng av eigenskapar ved nyttilsetjingar.
- Analyse av ressurskabalens dersom me mottar oppseiingar.

Ved ledige stillingar må det kartleggjast kva behov organisasjonen har på noverande tidspunkt slik at ein gjer ei vurdering av kva type kompetanse organisasjonen treng.

I nokre stillingar er det ei kjensle av å ha for mange ulike typar oppgåver. Eit døme er manglande avklaring av tidsbruk på oppgåver i «formidlingskjeda». I desse høva er det viktig at leiar og medarbeidar i lag går gjennom oppgåver og prioriterer. Aktuelle tiltak kan vera:

- Rydde i arbeidsoppgåver
- Prioritere oppgåver til fordel for kjerneoppgåve (formidling, forvaltning, forskning)

- Skjerme tid til kjerneoppgåver

Mål

1. Eit tydeleg fellesnivå i organisasjonen og at alle avdelingar opplever fellesnivået som ein god reiskap.
2. At HVM har ein god kommunikasjon med omverda.
3. Betre samhandling mellom avdelingane internt gjennom felles prosjekt og ressursgrupper.
4. Betre organisering av arbeidstida, ettersom ein del har ei oppleving av å ha for mange oppgåver.

Tiltak

1. Revitalisere interne ressursgrupper. Bruka kvarandre sin kompetanse og erfaring på tvers av avdelingane. Knyte dei ulike fagplanane saman. Utvide dei minste ressursgruppene med fleire medlemer.
2. Oppfølging av ressursgrupper frå leiargruppa, slik at mål i strategisk plan vert forpliktande.
3. Når medarbeidarar pensjonerer seg, sørgje for god overlapping i stillingar med smal spesialkompetanse.
4. Bruke fagdagane til forskingsgruppa til å knyte band på tvers av avdelingane.
5. Bruke Tidsbanken meir aktivt for å kunne administrere og styre arbeidstida.
6. Planlegge og gjennomføre ein «berekraftfestival» over ei veke, der det skjer ulike aktivitetar på dei ulike arenaene.